

Årsmelding Jølster sogelag 2024

Styre og nemnder i arbeidsåret:

Styre: Svein Heggheim, leiar, Irene Mullen Eikås, nestleiar,

Magne Eikås, sekretær, Dag Lien, kasserar. Grete Skaar Sunde, styremedlem.

Varamedlemmer: 1. vara: Ingrid Søyland, 2. vara: Arve Dvergsdal.

Revisor: Aina Gamborg, Heidi Fossheim Årdal.

Valnemnd: Solveig Lesto, Aina Gamborg

Medlemmer: Ved utgangen av 2024 hadde laget 11 medlemmer

Møte: Styret har hatt 5 møte i arbeidsåret, også dei to varamedlemmen har fått innkalling.

Jølster sogelag vart formelt skipa 3. april 2024. I startfasen har arbeidet vore retta mot å få på plass formelle bitar og å få laget opp og stå.

Viktige datoar:

8. april: Sogelaget si facebookside på plass. Her har vi publisert ein del aktuelle saker. Ved utgangen av 2024 hadde sida 148 følgjarar og 58 «likes». Eiga nettside har også stått høgt på lista over prioriterte saker. Dette har vist seg vanskeleg, men styret har godt håp om å få det plass om ikkje for lang tid.

27. april: laget registrert i Einingsregisteret i Brønnøysundregistera med eige organisasjonsnummer.

7. mai: Styret på synfaring i det lokalhistoriske privatarkivet i kjellaren på kommunehuset på Skei. Her fann vi idear til ting det blir, og skal bli, jobba med.

8. mai: Bankkonto i Sparebanken Sogn og Fjordane formelt oppretta.

19. mai: Laget sin Vipps-konto på plass.

28. september. Sogelaget på stand under 750-års markeringa for Landslova på Ålhus (Hugleiksson-jubileet).

Idedugnaden på skipingsmøtet gav innspel til fleire saker vi kan jobbe med både på kort og lang sikt. Fleire av dei har stått på arbeidsplanen og blitt jobba med i arbeidsåret.

Eitt av innspela var å spore opp lærar Sverre Myklebust sine tekstar om skulesoga i Jølster. Sonen, Kjartan Myklebust, skulle ha desse tekstane i si eige. Dette viste seg å stemme, og vi fekk låne dei. Men historia er ikkje fullstendig. Det viser seg å bli eit omfattande og tidkrevjande arbeid, men det er i godt gjenge.

I denne prosessen/dialogen har Kjartan Myklebust invitert sogelaget til å ta over hans samling av tekstar samla/skrivne, av Sverre Myklebust. Dette er ei omfattande, godt systematisert samling med skriftlege tidsbilde frå tidleg 1900-tal samla i 12 protokollar, 29 hefte og 7 ringpermar. Styret var positiv til dette, og avtalen om at sogelaget tek over samlinga er signert. Men Myklebust ønskjer å oppbevare den inntil vidare. Sogelaget har fått ja frå Jølstramuseet om å lagre den, første omgang mellombels, når vi tek over samlinga fysisk.

Styret har bestemt seg for å gje ut lagets første sogehfte til påske 2026. Fleire saker er alt ferdig skrivne, og mange er på gang. Difor har vi tru på eit spennande og lesverdig sogehfte. Vi har avtalt med med Firda Tidend om produksjon og trykking av sogehftet.

Skei 21. februar 2025

Svein Heggheim

For styret